

# Kontrollrapport 2017-2018

**Overordna vil komiteen rose styret for innsatsen dei har gjort ved å få i hamn 2018-konferansen med eit svært godt deltakartal og samstundes halde tak i det krevjande oppryddingsarbeidet etter underslagssaka.**

## **Samansetning og oppgåver**

Kontrollutvalet sine medlem i 2017 – 2018 har vore Harald Stanghelle (Aftenposten), Fritz Leo Breivik (Nord Universitet) **og** Heidi Molstad Andresen (Dagbladet), med sistnemnte som leiar. Utvalet skal, jamfør vedtektene «avgi til årsmøtet en egen årsrapport om styrets forvaltning av sine oppgaver og stiftelsens økonomi». Utvalet har hatt eitt møte med styreleiar og sekretariatsleiar. Me har elles hatt kontakt oss i mellom og med styreleiar, dagleg leiar og økonomiansvarleg per epost og telefon. Utover dette har arbeidet skjedd gjennom dokumentkontroll.

## **Internrutinar**

I fjor så Kontrollutvalet det som si primære oppgåve å ettergå interne rutinar og gje tilrådingar for å rette opp i svakheiter. Utvalet har følgjande kommentarar til arbeidet som er gjort:

**Attestasjon:** Styret har gjeninnført dobbel kontroll av alle utbetalingar. Både styreleiar og nestleiar må godkjenne utbetalingar digitalt i Visma, uansett beløp. Utvalet såg det som tenleg at attestasjonsretten vart utvida til å omfatte både leiar, nestleiar, dagleg leiar og økonomiansvarleg, og at det vart innført rutinar som gjer at ingen attesterer på sine egne utgifter. I dag har styreleiar og økonomiansvarleg hovudansvar for å attestere, medan nestleiar trer inn om styreleiar eller økonomiansvarleg skal ha refundert pengar. Dagleg leiar har også attestasjonsrett. Visma har overteke alle betalingar i nettbanken. Styreleiar og økonomiansvarleg kan i nødstilfelle foreta betalingar, men då må desse attesterast av begge. Fakturaer vert ikkje godkjent om dei manglar bilag. Styret melder at dei nye rutineane har fungert godt det siste året.

**Intern økonomikontroll:** Tre styremedlem, deriblant økonomiansvarleg, har lesetilgang på systemet og kan kontrollere postar og bilag. Systemet gjer det også enkelt å køyre ut rapportar og tabellar som syner den økonomiske situasjonen til ei kvar tid. Styret melder at dei no har svært god kontroll på postar og bilag, og at alle utbetalingar skjer rett etter at dei er godkjende, noko som gjer det lettare å ha løpande kontroll på økonomien. Styret tok i 2017 i bruk akkrediteringssystemet Arkon.no som einaste mogelege påmeldingsmåte, og skifta til rimelegare Hoopla i løpet av året. Konferansedeltakarar må no førehandsbetale konferanseavgift og hotell med eige kredittkort, og stiftinga får overført innbetalingar kvar veke. Styret har i tillegg avtale om automatisk purring og inkasso med Visma/Azets, for fakturaer som blir sendt til andre samarbeidspartnarar. I følge styret har dette letta arbeid og ført til betre økonomikontroll.

**Digitalt arkiv:** Grunna personvernlova har ikkje styret hatt tilgang til tidlegare sekretariatsleiar sin epostkonto, der mellom anna inngåtte avtaler ligg. Utvalet tilrådde at styret oppretta eit eige, digitalt arkiv der det vert lagra avtaler, epostar, referat, vedlegg og anna viktig materiale. Styret melder at dei no har eit digitalt arkiv hos Azets der ein kan lagre kontraktar og andre viktige dokument, og at det blir jobba med ei løysing for styrepapir og referat som alle i styret skal ha tilgang på.

**Økonomiansvarleg:** Arbeidsoppgåvene til økonomiansvarleg i styret var flytande. Utvalet tilrådde at det vart utarbeida ein årsplan for økonomiansvarleg sine oppgåver, og at den økonomiansvarlege utarbeidar kvartalsrapportar til styret. Det er no utarbeidd ein tydeleg og god instruks over oppgåver. Etter det utvalet kjenner til, er det førebels ikkje rutine at styret kvartalsrapportar, og me oppmodar til at slike blir innført.

**HMS-arbeid:** SKUP-styret ved styreleiar er dagleg leiar sin næraste overordna. Styret har med det HMS-ansvar iht arbeidstid, arbeids- og oppfølgingsmøte, årlege medarbeidarsamtalar osv. Utvalet oppmoda styret til å innføre system for å følgje opp dette ansvaret. Styret melder at det er løpande samtalar om prioritering av arbeidsoppgåver og at det blir kompensert for overtid. Kontrollutvalet oppmodar framleis styret til å få på plass rutinar for årlege medarbeidarsamtalar, og at desse blir referatførte.

### **Økonomi og rekneskap**

Utvalet vil rose SKUP-styret for på kort tid, og etter store økonomiske utfordringar, å ha utvikla og bygd opp eit betre og sikrere system for økonomiforvaltninga i stiftinga. Utvalet har likevel nokre merknader me meiner vil ytterlegare styrke arbeidet som alt er gjort:

**Informasjonsflyt og fristar:** Kontrollutvalet var tidleg i dialog med styret om fristar for publisering av kontrollrapporten på skup.no (23/3), og minna om at utvalet treng ei veke frå me får den reviderte rekneskapen til ferdig rapport. Utvalet fekk utkast til årsrekneskap 20/3 og revidert rekneskap 26/3. Utvalet ber om at styret alt når arbeidet med neste års konferanse startar, merkar seg fristane og legg til rette for at både rekneskapsførar, revisor og kontrollutvalet får det naudsynte materialet i tide.

Utvalet forstår at styrearbeidet har vore svært krevjande under og etter dei ekstraordinære omstendighetene som Skup har stått i. Me minner likevel om at det nettopp under slike ekstraordinære høve er spesielt viktig med god informasjonsflyt og at fristar blir overhaldne for å sikre god kontroll.

**Rekneskapsføring:** Utvalet si oppgåve er å sjå på disponeringa av stiftinga sine midlar og utviklinga av inntekter og utgifter. I dette arbeidet er det mellom anna viktig å sjå utviklinga over tid, og dette krev i sin tur at rekneskapen er enkel å lese og at den blir ført nokolunde likt frå år til år.

Årets rekneskap er stadvis vanskeleg å tyde, ettersom fleire av same typen utgifter er kostnadsført på fleire og heilt ulike postar. Det gjer det vanskeleg å sjå kva som har vore dei samla utgiftene på dei spesifikke områda, og å samanlikne med desse med tidlegare år. Spesifiseringa av somme av postane er også uklare og gjer det vanskeleg å forstå kva dei er meint å omfatte. På somme postar er det også ført etterslep frå 2016.

Utvalet har gjennomgått rekneskapen post for post, og stilt fleire oppfølgingsspørsmål til styret. Somme av tilbakemeldingane tyder på at heller ikkje styret har fullgod oversikt over kva for inntekter som er ført kvar av rekneskapsførar. Det same gjeldt kostnadsdelen av rekneskapen.

Kontrollutvalet oppmodar styret til å følgje opp dette ovanfor rekneskapsførar og sjå til at bilag vert ført på rett post og at namnet på postane er klare. Dette er ikkje minst viktig for at styret sjølv skal ha løpande oversikt over økonomien.

Med same utgangspunkt tek me også opp att fjorårets tilråding om at det vert ført prosjektrekneskap på prosjekt med budsjett på over kr. 50 000. Slik blir det ikkje berre lettare å dokumentere kva øyremerkte tilskot har gått til, men også her enklare å få oversikt over lønsemda ved ulike prosjekt og pengestraumane tilknytt desse.

Utvalet oppmodar styret til å halde fram det gode arbeidet med å sikre ein stabil økonomi og innføring og oppfølging av gode kontrollrutinar og ynskjer lukke til med gjennomføringa av årets konferanse.

**Oslo og Bodø 26/3-2018**

Harald Stanghelle

Fritz Leo Breivik

Heidi Molstad Andresen